

**FINNØY KOMMUNE**

Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat)

Helse og sosialdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 20503488	Dok. nr.: 15
Arkivkode: 511.2	Journ. dato: 271005
Avd.: HRA	Post. nr.: ASD
U.off.:	

Dykkar ref.:

Vår ref.: 05/1088-2

Arkiv: K1-441

Dato: 25.10.2005

KRAV OM POLITIATTEST FOR HELSE- OG SOSIALPERSONELL - HØYRINGVi viser til brev datert .
Her følger saksutgreiinga med vedtak:**FINNØY KOMMUNE****SAKSPAPIR**

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	26.09.05	125/05	REV

Saksansvarleg Reidulf Vignes	Arkiv: K1-441 Objekt:	Arkivsaknr 2005001088
---------------------------------	--------------------------	--------------------------

KRAV OM POLITIATTEST FOR HELSE- OG SOSIALPERSONELL - HØYRING**Dokumentliste:**

Høringsdokument av august 2005

Saksutgreiing:

Høyringa for dette dokumentet er sett til 23.11.2005

Forslaget inneber at ein skal krevje politiattest ved tilsetjing innan sosialtenesta, helsetenesta, eller ved avtale innan kommunehelsetenestelova § 4-2 første ledd, tannhelsetenestelova § 4-1 første ledd og spesialisthelsetenestelova § 2-1a fjerde ledd, samt ved melding om helsepersonells opning, overtaking og inntreden innan privat verksemd.

Politiattesten skal vise om vedkomande er sikta, tiltalt, ilagt forelegg eller dømd for brot på straffelova §§ 193, 194, 195, 196, 197, 199, 200 andre ledd, 201 bokstav c, 203 og 204a (seksulle overgrep mot born og barnepornografi).

Målet med forslaget er å førebygge seksuelle overgrep mot born og funksjonshemma.

Finnøy Kommune
Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat)
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00
Dir.: 51714730
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195
Org.nummer: 938633029
E-post: post@finnoy.kommune.no
Heimeside: www.finnoy.no

Forslaget medfører at personell som er har fått førelegg eller er dømde for overtreding av straffelova, skal vere utelukka frå å kunne arbeide med born eller utviklingshemma.

Vurdering:

Rådmannen finn at eit slik krav er både fornuftig og nødvendig. Kommunane og andre styresmakter har lang røynsle med denne type krav innafør skule og barnehage der eit slikt krav har vore gjeldande lenge, og dette kravet er tilpassa etter modell av dei krav som gjeld innafør skule og barnehage.

Ut frå denne vurderinga har ein ikkje merknader til korkje omfang, tilpassing til andre gjeldande lover som er nemnde i høyringa, eller konsekvensar for dei som ikkje kan framskaffe tilfredstillande attest for å kunne få tilbod om tilsetjing innafør dei område som lova /kravet omfattar.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet i Finnøy kommune har ikkje merknader til høyringa til krav om politiattest for helse- og sosialpersonell – høyring.

FSK-125/05 VEDTAK 26.09.2005:

Samrøystes som innstillinga.

Med helsing



Reidulf Vignes
kommunalsjef